



Utstyrssentral

Frivilligsentralen har vintersportsutstyr, redningsvestar, fiske og friluftsutstyr til gratis utlån i inntil ei veke av gongen. Tilbodet er ope for alle vaksne, barn og unge, skular, barnehagar og frivillige organisasjonar i kommunen. For meir informasjon sjå heimesida til Frivilligsentralen. Ring eller send e-post for å avtale utlån.



Utstyrspakke

Frivillige lag og organisasjonar, barnehagar og skular kan i tillegg låne utstyr som Frivilligsentralen har fått tildelt frå Friluftsrådet. Utstyrspakken består av ein lavvo, tre taubruer, bålpanne, popcorn-panne til bål, øks, grillspyd, GPS-ar og to permar proppa av idear til ulike uteaktivitetar.



Åpningstid: Måndag–fredag, kl. 09.00–1500. Ring på forhånd dersom du ønsker å besøke oss, Frivilligsentralen er ikkje alltid betjent i åpningstida.

Besøksadr.: Remmingsvegen 2, Gamleskolen

Postadr.: Rådhuset, 6390 Vestnes

Telefon: 71 18 02 18/ 97 48 44 78

Dagleg leiar: Karianne Bergset Austnes

E - post: frivillig@vestnes.kommune.no

Nettside: www.vestnes.kommune.no/frivilligsentral

All aktivitet ved Frivilligsentralen vert annonsert i Kulturkalenderen på kommunen sine heimesider. Lik oss på Facebook så er du alltid oppdatert.



Lik oss på
Facebook



Fole kjekt i Vestnes!

Vestnes Frivilligsentral

Frivilligsentralen skal bidra til å samordne den frivillige innsatsen som privatpersonar og frivillige organisasjonar i kommunen utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet.

Vestnes Frivilligsentral er eigd av Vestnes kommune, men har sitt eige styre og årsmøte. Kulturdepartementet gjev støtte til dei om lag 400 Frivilligsentralane i Noreg.

Vestnes Frivilligsentral skal:

- **vere ein møteplass og brubbyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar og det offentlege**
- **vere ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheten i Vestnes kommune**

Samarbeid og ressurs for lag og organisasjonar i Vestnes kommune



Vestnes kommune er rik på frivillighet. Det er eit **mangfald** av lag, organisasjonar og enkeltmenneske som kvar dag gjer ein stor innsats for si bygd og sitt nærmiljø, og slik bidreg til at det er mykje **trivsel** i Vestnes kommune. Frivilligsentralen skal ikkje vere ein konkurrent til dette, men vil vere ein **støttespelar og ressurs** for lag og organisasjonar i kommunen.

Vestnes Frivilligsentral **tilbyr** rettleiing og kurs i organisasjonsarbeid: økonomistyring, styrearbeid, medlemsrekruttering, prosjektstyring, søknadsskriving etc. I tillegg kan Frivilligsentralen bidra med koordinering i samarbeidsprosjekt og etablere aktivitetar det er behov for, men som ikkje finnes. **Ikkje nøl – ta kontakt!**

Bli med som frivillig?

Vi treng stadig nye frivillige til ulike aktivitetar. Har du tid og lyst til å bidra til auka trivsel? Ta kontakt med Frivilligsentralen.

Faste aktivitetar gjennom Vestnes Frivilligsentral 2016

Kulturkafeen -kvar tysdag kl.15.00-17.00



På denne trivelige møtestaden får du godt påfyll både for magen og øyrene. Kafeen er open for alle. På kvar kafé er det eit kulturelt innslag frå kl.15.30, desse vert annonsert i Kulturkalenderen i avisa og i kulturkalenderen til Vestnes kommune. Frivillige verter stiller med heimbakst og kaffi/te for sal.

Full Rulle -kvar onsdag kl.11.00–14.00



Kvar onsdag er det Full Rulle på Frivilligsentralen. Det er eit uformelt tilbod til alle som er heime med små barn. Vi tilbyr leiketeppe og leiker for dei små og kaffi/te for dei store. Kjøkkenet kan nyttast til å varme flasker eller lage ein felles lunsj om ønskeleg, ta også gjerne med deg matpakke.

Språkkafé -annakvar onsdag kl.18.00–20.00



På Språkkafé er alle som ynskjer å praktisere norsk med trivelege folk, og bli betre kjent med folk i Vestnes, hjerteleg velkomen! Praten går over ein kopp kaffi med noko å bite i. Vi har også spel, temaer og aviser som bidreg til å halde praten i gong og utvide ordforrådet. Tilbodet er gratis.

Gåturar med Vestnes Frivilligsentral- kvar torsdag



Kvar torsdag, april- oktober, arrangerer Frivilligsentralen gåturar til ulike turmål i kommunen. Ta kontakt for program og meir informasjon, eller sjå Kulturkalenderen. Alle er velkomen til å vere med – god tur!